

# Samarbeidsrådet Voss lokalsjukehusområde

Helse- og omsorgsdepartementet	
Saksnr..	Dok.nr.
700500444	67
Arkivkode:	Journ.dat.
500	010605
Avd.:	Sakshøg.
KTA	EV
U.øft.:	

Til

Det kongelige helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

## NOU 2005:3 "Fra stykkevis til helt – en sammenhengende helsetjenste". Høyring.

Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde (SRVL) har i møte drøfta NOU 2005:3 og har særleg festa seg ved dei ulike forslag knytt til samhandling mellom tenesteutøvarar, og då spesielt mellom helseføretak og kommunane. Dette er eit virkefelt som SRVL har hatt fokus på i dei 13 åra det har eksistert. SRVL kan vise til fleire konkrete tiltak som er sett i verk og som klart har betra samarbeidet mellom Voss sjukehus og kommunane i lokalsjukehusområdet.

Samarbeidsråd er eit organ/ein ordning som kan ivareta ei rekke av dei tiltak utvalet foreslår (Ein adresse for samhandling i kommunane og helseføretak, informasjonsutveksling, hospitering, utdanning og opplæring). Derfor undrar det SRVL at Wisløff-utvalet ikkje har nemnd samarbeidsråd som modell for samhandling mellom kommunar og helseføretak, særleg sidan utvalet har hatt med ein representant frå Helseavdelinga hjå Fylkesmannen i Hordaland. SRVL voner det er ein glipp, og ber om at Departementet i sitt vidare arbeid med å betre samhandlinga mellom kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta finn det interessant og formålsteneleg å støtte det vidare arbeid i SRVL og andre samarbeidsråd gjennom øyremerka tilskot.

Wisløff-utvalet si innstilling kan og lesast som eit forsvar for lokalsjukehus som har god oversikt og kontakt med kommunane i sitt nedslagsfelt. Det truleg ein av grunnane til at Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde fungerar så bra som det gjer.

Til orientering legg ein ved ein kort presentasjon av Samarbeidsrådet for Voss lokalsjukehusområde.

Voss 31.05.05

  
Richard J. Jacobsen  
leiar  
Postboks 318  
5702 VOSS